

Alver kommune, Landbruk  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser: Dykkar: e75ac230-e1bf-4ab5-8aca-447be574a4d3 Vår: 21/1635 - 21/14505

Saksbehandlar: Bente Kopperdal Hervik  
bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato: 03.03.2021

## **Søknad om bygging av landbruksveg - gbnr 143/1 Håland - uttale kultur**

Viser til førespurnad om uttale til søknad om bygging av landbruksveg på gbnr. 143/1 Håland.

Den planlagde landbruksvegen ligg i eit område som er registrert som friluftlivsområde i kartlegginga som Lindås kommune gjennomførte i 2017. Området strekkjer seg fra Erstadvegen i sør og nesten til Fossevatna i nord med Svarthamrane og Kvamsfjellet som dei viktigaste turmåla. Området grensar også til fleire andre friluftsområde.

Siste del av stien fra Kvamsfjellet og ned til den eksisterande skogsvegen i Årdalen går over den aktuelle eigedomen, og det ser ut til at den fleire stader vil koma i konflikt med den planlagde skogsvegen. Også turstien rundt Fossevatna vil ha (eit av fleire) utgangspunkt i den planlagde skogsvegen. Dersom det ver gjeve løyve til å bygga skogsvegen er det svært viktig at det vert tatt omsyn til friluftsinntersetninga i området.

Den planlagde skogsvegen vil kunna erstatta eksisterande sti på delar av traséen fra Kvamsfjellet, men det må då vera enkelt tilkomst for turgåarar fra stien og inn på den planlagde skogsvegen der desse møtest. Det same gjeld stien mot Fossevatna. Det er viktig at ein unngår at turgåarar må forsera ml.a. bratte vegskuldre eller høge skjæringer for å koma fra stien og inn på skogsvegen eller omvendt. Dersom skogsdrift kjem i konflikt med friluftslivet bør stiar leggjast om i alternativ trasé, og denne bør skiltast.

Dersom det vert aktuelt å sperra skogsvegen med bom, er det ynskjeleg at det er mogleg å passera med barnevogner og rullestolar.

Me kan ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med kulturminneinteresser.

Med helsing  
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune, Landbruk

Postboks 4

5906

FREKHAUG